

# Årsmelding



# VØR

Sortert avfall gir verdi!

2020

# ÅRSMELDING 2020

## Styringsorgan

VØR er heileigd av Ørsta og Volda kommunar og eigarane heftar for selskapet sine disposisjonar med 50 % kvar. Selskapet ligg i Hovdebygda i Ørsta kommune og driv med innsamling, transport og behandling av avfall og slam på vegner av eigarkommunane. Kommunane vedtek klimaplanar med konkrete tiltak for gjenvinning, dei fastset renovasjonsforskriftene og dei styrer gjennom selskapsavtalen og representantskapet i VØR.

## Representantskapet i VØR

Kvart kommunestyre oppnemnar sine medlemmar til representantskapet i VØR og det er gjennom dette organet eigarkommunane kan styre selskapet si retning og utvikling.

Representantskapet sine medlemmar for perioden 2020-2024 er:

Jan Henning Egset (leiar)	Volda
Eldar Engelund	Volda
Ingvild Aasen(nestleiar)	Ørsta
Ingebjørg Osdal	Volda
Toril Hasfjord Bjørneset	Volda
Kristin Riise	Ørsta
Pauline Vinjevoll	Ørsta
Olav Hope	Ørsta
Børge Bornstein (pers.vara til Olav Hope)	Ørsta
Einar Holsvik (pers.vara til Pauline Vinjevoll)	Ørsta
Dalana-Michelle Storebø(pers.vara til Kristin Riise)	Ørsta
Aslaug Marit Øyehaug(pers.vara til Ingvild Aasen)	Ørsta
Jørgen Amdam (pers.vara Jan Henning Egset)	Volda
Ann Charlotte Fiskarstrand(pers.vara til Toril Hasfjord Bjørneset)	Volda
Arne Oddmun Torvik (pers.vara til Eldar Englund)	Volda
Lin Storm Traagstad (pers.vara til Ingebjørg Osdal)	Volda

Representantskapet avvikla 2 møter i 2020 og handsama 17 saker.

## Styret i VØR

Representantskapet i VØR har ansvar, gjennom valnemnd, for å velje medlemmar til styret, med ei målsetting om eit mest mogleg profesjonelt samansett styre som dekkjer fleire sentrale kompetanseområde for selskapet. I tillegg har styret til VØR alltid ein tilsettrepresentant.

Styret sine medlemmar for perioden 2020-2022 er:

Anne Ellingsen (styreleiar)	Ørsta
Hallvard Bjørneset (nestleiar)	Volda
Henriette Hafsaas	Volda
Jon Helge Bjørndal	Ørsta

Ove Myklebust (tilsettrepresentant)	VØR
Gina Bjørdal	1.vara Ørsta
Bjørnar Hovland	2.vara Ørsta
Sissel Anita Øyen Hareide	1.vara Volda
Kjell Tore Aarstad	2.vara Volda

Styret avvikla 8 møter og handsama 54 saker.

## VØR sitt samfunnsoppdrag

VØR skal som eit interkommunal avfallselskap oppfylle eigarkommunane sine krav til kostnadseffektiv leveranse av tenester innan miljø og avfall. Samtidig skal vi ha fokus på god kundeservice og legge til rette for dei gode løysingane til innbyggjarane. Dette betyr at verksemda blir målt på bl.a økonomistyring, brukarvennlegheit og miljø- og materialgjenvinningsmål.

Det bur 21 611 innbyggjarar i Volda og Ørsta kommunar pr 31.12.2020, som VØR dekkjer gjennom sine renovasjonstjenester. I tillegg drifter VØR to miljøstasjonar, ein i Hovdebygda, midt mellom Ørsta og Volda, og ein i Hornindal, som frå 2020 vart med i Volda kommune.

VØR er til ei kvar tid underlagt nasjonale og internasjonale krav til innsamling og behandling av avfall frå hushald og arbeidar innafor ein kvar dag der måla for nasjonal avfallspolitikk framover til 2035 er fastsette av Stortinget gjennom klimaforliket, nasjonal avfallsstrategi vedteke mars 2018 og regjering via Miljødirektorat og Fylkesmann.

Stortinget vedtek mål for avfallspolitikken og desse er tett knytt opp til internasjonale mål i EU sine direktiv for avfall og emballasje. I tillegg blir avfallspolitikken i Noreg forma etter multilaterale klimaavtalar og sirkulær økonomi planar som nyleg er lagt fram av EU.

Avfallspolitikken i Noreg kan seiast å ha tre hovudretningar:

1. Auken i mengd avfall skal vere mindre enn den økonomiske veksten.
2. Avfallshierarkiet skal vere styrande for nasjonal avfallspolitikk (sjå illustrasjon under). Avfallsreduksjon og ombruk viktigast. Materialgjenvinning deretter. Så energigjenvinning. Deponi er det lågaste nivået i hierarkiet.
3. Det er eit høgt prioritert mål å samle inn mest mogleg farleg avfall. Farleg avfall må ikkje blandast saman med anna hushaldningsavfall.



Figur 1-Avfallshierarkiet

## VØR arbeidar etter desse måla

*EU og Stortinget sine mål for materialgjenvinning og ombruk:*

- 50% materialgjenvinning innan 2020
- 60% materialgjenvinning innan 2030
- 65% materialgjenvinning innan 2035

*Eigarkommunane har satt sitt eige mål til VØR gjennom representantskapet om å oppnå 60 % materialgjenvinning innan 2025.*

I tillegg arbeidar VØR etter strategiplanar som blir revidert kvart år og som er vedtekne av representantskapet og styret. I strategiplan gjeldande for 2020-2030 var bl.a. desse måla til VØR nedfelt og vedtekne av selskapet sitt styringsorgan:

- Gjennomføre fleire kvalitetskontrollar av avfall i behaldar i 2020
- Få bleiene ut av matavfallet innan 2021.
- Lage prøveprosjekt vedkomande erstattning av plastpose med papirpose for matavfall i 2021.
- Gjennomføre plukkanalyse for å betre faktagrunnlaget før neste rullering av strategiplan i 2023
- Vurdere felles restavfall ettersorteringsanlegg på Sunnmøre saman med ÅRIM, SSR og RIR.
- Avklare om biogass anlegg skal byggast saman med Årim, SSR og evnt. andre.

## Selskapet si verksemd i 2020

### Covid-19

Då pandemien braut ut i mars, stengde landet ned. Råd om 1 meter avstand, god handhygiene og minst mogleg bevegelse utanfor heimen var hovudregelen. VØR opplevde likevel kraftig vekst i talet på besøkande på miljøstasjonen i denne perioda, og innførte eigne smitteverntiltak på miljøstasjon. Dette innebar redusert opningstid for ei periode, slusing av trafikk inn og tilgang til handsprit og informasjonsplakatar rundt om på anlegget. Pandemien har på lik linje med andre selskap, ikkje gått umerka hen. Dette har påverka drifta og resultat både kva kjem til avfallsmengder og økonomi. Covid-19 blir ein raud tråd gjennom heile årsmeldinga for 2020.

### Melsgjerdet

Konkurransegrunnlaget vart lyst ut i mars 2020 etter omfattande arbeid på førehand. Som rådgivande ingeniør vart det brukt Ose AS. På rådgivande ingeniørfag vatn, avløp og utslepp og brann vart det brukt Kurt Riksheim. I faget elektro vart det nytta Vebjørn Langlo som rådgivande ingeniør . I konkurransen som vart avslutta medio juni fekk vi inn 2 tilbod. Eit frå Riisebygg AS og Aurstad Tunnel AS. Aurstad Tunnel AS vart valt på grunn av god teknisk løysing og var samla sett best for VØR. På grunn av manglande toppfinansiering vart det ikkje signert kontrakt før 4.desember 2020. Oppstart rigg er i starten av januar i 2021 og planlagt innflytting blir mai 2022.

### Melsgjerdet og biogass

Reguleringsplanen for industriområde på Melsgjerdet, som legg til rette for biogass, var godkjent i februar i 2020. Søknad om løyve vart sendt inn til Fylkesmannen i mai, med utgangspunkt i reguleringssplanen.

Under høyringsfristen, har VØR brukt mykje tid på å informasjonsarbeid både ved å svare lesarinnlegg i media, men også proaktivt ved å halde informasjonsmøte om prosessen. Vi har hatt fleire presentasjonar av løyvesøknaden, der det første møte var med ordførar og kommunedirektørar 7.august. Deretter haldt VØR eit folkemøte for alle interesserte på Ørsta Kulturhus den 12.august.

Dette møtet vart live-streama, og lagt ut på VØR og Ørsta kommune sine nettsider. Vidare vart løyvesøknaden presentert for Ørsta formannskap den 18.august. Høyringsfristen for løyvesøknaden gjekk ut 15.august. Ørsta kommune hadde forlenga utspråk til fylkesmannen til starten av september. Vidare hadde VØR møte med politisk leiing vedkommande rammar for løyve den 24 august, deretter møte med fylkespolitikarar og ordførarar frå SP den 27. august og Ørsta Kommunestyre 2.september. Svar på eventuell godkjenning av løyve er venta i starten av året i 2021.

## Hornindal

Tidlegare Hornindal kommune vart slått saman med Volda kommune frå og med 2020. Overgangen frå NoMIL til VØR, har gått greitt føre seg utan store utfordringar. Innbyggjarane i Hornindal fekk utlevert rullar til matavfall og emballasjeplast saman med raud boks til farleg avfall på starten av året. Mange valde å nytte seg av tilbodet om farleg avfall aksjon som vart heldt om hausten.

Det var fleire som valde å bytte papirdunken til ein storleik større, då NoMIL kører rutene sine med baklastar og ein hjelpeemann, medan VØR kører ein-mannsopererte bilar der plastekken må vere opp i papirdunk på hentedag.

Innbyggjarane i Hornindal har vore flinke til å nytte seg av miljøstasjonen på Grodås for å levere ekstra avfall og vi ser også at fleire har tatt turen innom miljøstasjonen i Hovdebygda.

## ISO- sertifisering

Prosjektleiar i VØR, Stine, byrja arbeidet med ISO-sertifisering av kvalitetsleiingssystemet i VØR i 2019. Etter å ha gjennomgått kurs og hatt dialog med Retura Søre Sunnmøre, som er ISO-sertifisert frå før, har ho nytta ISO-standarden 9001 og tilpassa krav ut frå VØR si drift. Det må gjerast vurderingar for å tilpasse standarden til eiga bedrift og bedifta må kunne kjenne seg igjen i systemet. Målet med eit slikt system er at det skal vere levande og heile tida gi oss ein peikepinn på kva områder vi kan bli betre på. Etter å ha gjennomgått rutinar og prosedyrar med tilsette og leiing, var det klart for sertifiseringsdato 29. oktober. Ut frå denne revisjonen vart det gitt tilbakemeldingar om 7 observasjonar. Av dette var det eit avvik, resten var merknadar og forbetringspunkt. Desse måtte lukkast før sertifikatet kunne bli godkjent. Merknadar og avvik vart retta opp og sertifikat blei motteken 14.desember 2020.

## Brukundersøking

VØR var med i ei brukundersøking i regi av Avfall Norge og Norwaste våren 2020. I denne kom det fram at selskapet hadde forbetra seg litt frå førre undersøking og at innbyggjarane stort sett er nøgde med tenestene dei får tilbydt.

VØR scora 78/76 poeng som er om lag på gjennomsnittet samanlikna med andre selskap. Kundane er nøgde med oppsamlingsystem og henting av det daglege avfallet, men nokon påpeikar også at avfallet blir henta for sjeldan. Det vart også uttrykt noko misnøye med gebyrnivå.

Undersøkinga viser at 7/10 har nytta seg av miljøstasjonen og miljøstasjonen scorar høgt på kundetilfredsheit sett saman med landsgjennomsnittet.

Innbyggjarane hadde også eit ønske om meir informasjon om avfall og sluttbehandling. Kun 3/10 spurte sa dei har kjennskap til kva som skjer med avfallet, og nokon uttrykker misnøye ved at dei trur avfallet dei sorterer, blir blanda saman etterpå. Dette er bakgrunnen til fleire tiltak gjort i 2020 i informasjonsarbeidet ut mot innbyggjarane.

Det mest interessante med denne undersøkinga, var eigenkomponerte spørsmål som VØR fekk stille til innbyggjarane og svara vi fekk:

- Om lag 7 av 10 er interessert i eigen innsamlingsordning for tekstil.
- Om lag 7 av 10 er interessert i eigen behaldar for plastemballasje.
- For at folk skal kjeldesortere meir avfall heime, nemnast det i størst grad *meir informasjon om kva som skjer med avfallet*.
- På spørsmål om korleis VØR best kan legge til rette for at meir farleg avfall blir samla inn, så er *eiga henteordning* samt *innsamlingsaksjonar* mest nemnt.

## Informasjonsarbeid

Sidan Covid-19 pandemien slo til for fullt i mars 2020 med påfølgjande restriksjonar, har det vore lite aktivitet kva gjeld informasjonsarbeid ut mot skular og barnehagar, samt omvising på miljøstasjonen. Kommunikasjonsansvarleg har likevel, når forholda har tillate det, bl.a. undervist ved Vartdal skule og hatt foredrag ved Ivar Aasen tunet i høve det nyestablerte nettverket Grønt Forum i Volda og Ørsta. Vidare har det vore mykje aktivitet i avisene og mykje av tida til kommunikasjonsansvarleg og dagleg leiar har gått til å svare lesarinnlegg om VØR sin aktivitet.

Jamført brukarundersøking som vart utført våren 2020, viste denne at innbyggjarane sakna informasjon om sluttbehandling av avfallet som blir samla inn. Dette resulterte i eit nyhendebrev som vart sendt ut til alle abonnementar før jul, saman med tømmekalender for året 2021. Elles har mykje av informasjonen publisert på nettside og Facebook omhandla kvalitet og riktig sortering av avfall. Saman med andre avfallselskap har vi ei utfordring med feilsortering blant abonnementane, spesielt kva gjeld emballasje av glas og metall versus gjenstandar laga av metall og glas, der den siste kategorien må leverast på miljøstasjonen. Likeins er det ei utfordring med papir pakka inn i plast eller laus plast i papiret. Det blir stadig strengare krav til kvaliteten på avfallet vi leverer frå oss, og som ein verste konsekvens risikerer vi mottakstopp hjå behandlingsanlegg, dersom kvaliteten på visse fraksjonar ikkje forbetrar seg. Vi har bl.a. fått varsel om mottakstopp på papiret dersom kvaliteten på sorteringa ikkje betrar seg. Dette er noko vi må ha meir fokus på i 2021 hjå innbyggjarane.

## Strandrydding

Kva gjeld strandrydding har det vore særslit aktivitet i 2020 sett i forhold til tidlegare år. Mykje av dette skyldast smitteomsyn og det vi opplever som mindre merksemeld rundt temaet. Småjobbsentralen i Ørsta, har i samarbeid med VØR, likevel gjort ein god innsats med å koordinere mindre aksjonar rundt i Ørsta, samtidig som dei har bidrige med transport av avfall til miljøstasjon frå ryddeaksjonar i Volda kommune. .

## Ny merkeordning

Det har lenge vore ytra behov for ei standardisert merking av produkt, i bransjen og av forbrukarar, som viser korleis forbrukar skal kjeldesortere avfallet, uavhengig av kvar ein bur. Avfall Norge har i samarbeid med dei andre nordiske landa og avfallselskap, utvikla ein standardisert merkeordning for produkt som skal vere gjeldande over heile Skandinavia og som skal gjøre det enklare i kjeldesorteringa av avfall. Denne ordninga vart lansert i mars 2020, og VØR bestilte dei nye merkesymbola same år, der målet er å starte opp arbeidet med merking av avfallsbehaldarar i løpet av 2021. Dei nye avfallsymbola er allereie tatt i bruk på miljøstasjonen, der vi har fått laga nye skilt og plakatar som eit viktig ledd for å forbetra sorteringsnivået.

## **ÅRIM, SSR, VØR og RIR**

Dei fire interkommunale avfallselskapa har eit godt samarbeid på fleire områder. Blant anna har det vore sett meir på eit tettare samarbeid på områder som gjeld digitalisering og standardisering som grunnlag for felles innkjøp. I tillegg har selskapa etablert arbeidsgrupper for å undersøke moglegheitene for eit felles ettersorteringsanlegg i regionen. Dagleg leiar sitt i styringsgruppa, medan kommunikasjonsansvarleg sitt i dei tre arbeidsgruppene som skal lage grunnlaget for endeleg rapport og vidare beslutningsgrunnlag for dei fire selskapa.

Spesielt ÅRIM, SSR og VØR held fram med eit godt samarbeid i kommunikasjonsarbeidet ut mot abonnentar. Ofte gjeld dette større informasjonskampanjar rundt endringar i bransjen, slik som innføring av blank sekk på miljøstasjon i 2020 som vart varmt motteken av innbyggjarane.

## **Avfallsrekneskapet**

2020 kan trygt seiast å vere eit annleis år, då Covid-19 pandemien kom som ei tsunamibølgje over verda i mars og april, med påfølgjande restriksjonar og tiltak for befolkning i fleire nasjonar, for å søke å stoppe smitteutviklinga. Nedstenging av samfunnet har vore stikkordet for heile 2020. Aktivitetar, skular og barnehagar har halde stengt, fleire organisasjonar har flytta arbeidsstokken på heimekontor, fleire er blitt permittert eller har mista jobben, vi har sett eit kultur- og næringsliv som har slite med å halde hjula og aktiviteten i gong.

Pandemien har satt sine i spor i våre kommunar og, spesielt i VØR si daglege drift. Med fleire i heimen, har dette utvilsamt ført til auka avfallsproduksjon, både i matavfall, restavfall og emballasje av glas og metall, men også ei sterk auking av besøk på miljøstasjonen. For mange har dette året gitt meir tid med familie, men også betre tid og mogleighet til å ta på seg prosjekt knytt til vedlikehald/oppussing/rydding heime. Dette ser vi klart i kva mengder og typer avfall som er blitt levert på miljøstasjonen.

I tabell 1 kan ein lese av avfallsrekneskapet at totale mengder avfall samla inn i 2020 er høgare enn tidlegare år heilt tilbake til 2016. Mykje av denne veksten skyldast auka mengder i levert grovavfall på miljøstasjon, i tillegg til ein vekst i matavfall og restavfall. Vi har også opplevd ei sterk auke i mengder farleg avfall levert gjennom bringeordning til miljøstasjon og innsamlingsaksjon. Tabell 2 på side 16 syner kva mengder med farleg avfall som har auka mest. Likeins, ser vi ein klar vekst i bygning- og deponivarer som gips, isolasjon, betong og flis, som ein kan anta stammar frå oppussingsprosjekt i fleire heimar og eller fritidshus i 2020. I 2020 hadde kommunane Ørsta og Volda i tillegg ordinærrunde med innsamling av slam som bidreg til å drage opp totale mengder med avfall frå hushald.

I 2019 nådde vi materialgjenvinningsgrad over 60 % takka vere innføring av matavfallsortering og som ein konsekvens av dette igjen; ein kraftig reduksjon i innsamla mengder restavfall. I 2020 viser biletet at til tross for auka mengd innsamla matavfall og glas- og metallballasje som går til materialgjenvinning, er mengda avfall som har gått til energigjenvinning og deponi høge samanlikna med fjaråret. Dette har gitt ein direkte konsekvens ved at materialgjenvinningsgrada til VØR falt under 60% og landa på 58,6% i 2020. Målet satt av nasjonale styresmakter om 50% materialgjenvinning vart likevel nådd.

Innsamling	2016	2017	2018	2019	2020
Papir, papp og kartong	928	1040	979	899	762
Glas- og metallemballasje	239	264	268	272	332
Plastemballasje	176	84	202	219	194
Restavfall	2940	2916	2790	1139	1518
Matavfall	0	0	0	1480	1690
<b>Miljøstasjon</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
EE avfall	210	194	198	182	172
Metall frå miljøstasjon	226	236	206	238	222
Tekstil (frå begge kommunar)*	131	143	216	171	162
Gummi	37	20	27	11	8
Hageavfall	893	765	573	600	602
Grovavfall	665	690	661	696	702
Trevirke	363	419	401	410	438
Farleg avfall**	236	250	287	264	369
Uorganisk avfall (Gips, isolasjon, stein, betong, flis)	73	183	123	119	199
EPS					1
Slam***	463	132	363	84	489
<b>Totalt</b>	<b>7543</b>	<b>7193</b>	<b>7078</b>	<b>6613</b>	<b>7698</b>
Til materialgjenvinning (t)	3197	2779	2865	3985	4509
<b>Materialgjenvinningsgrad</b>	<b>42,4</b>	<b>38,6</b>	<b>40,5</b>	<b>60,3</b>	<b>58,6</b>
Til energigjenvinning (t)	4084	4196	4042	2245	2910
Energigjenvinning	54,1	58,3	57,1	33,9	37,8
Til deponi (t)	168	218	171	119	280
Deponi	2,2	3,0	2,4	1,8	3,6

\*Tekstil blir ikkje rekna som avfall, men gâve og ombruk og påverkar dermed ikkje avfallsmengdene.

\*\*Total talet for farleg avfall er delt inn materialgjenvunne, energigjenvunne og deponert.

\*\*\* 2020 var ordinær tømmerunde for slam i hushald i Ørsta og Volda kommunar

Tabell 1. Avfallsrekneskapet for VØR, 2016-2020.

## Restavfall



Restavfall	2016	2017	2018	2019	2020
Kg per innbyggjar	147	145,8	139,5	56,7	70,9

I 2019 opplevde vi meir enn halvering av mengda med restavfall samla inn hjå abonnentane. Mykje av dette kan vi mest truleg føre tilbake til innføringa av eiga sorteringsordning for matavfall, men også gode sorteringsvanar hjå innbyggjarane våre. I 2020 har vi hatt ein vekst i mengda restavfall, og dette er nok tett knytt opp til at fleire har vore heime grunna heimekontor, permittering og stengde barnehagar og skular, samt heimeferie. Volda kommune fekk også ei auke i innbyggjartalet ved samanslåinga med tidlegare Hornindal kommune, som også påverkar avfalls mengdene til VØR samanlikna med 2019. 70,9 kg innsamla restavfall per innbyggjar er likevel eit godt resultat og plukkanalyser tatt av restavfallet viser til generelt gode sorteringsvanar hjå innbyggjarane i Volda og Ørsta kommunar.

### Plukkanalyser av restavfallet

I tråd med strategiplanen for 2020-2023 vart det vedteke at VØR skulle utføre plukkanalyse av restavfallet i 2020 hjå innbyggjarane. Bakgrunnen for dette er å få meir kunnskap om samansetninga, sorteringsgrad og om ulike verkemidlar og informasjonstiltak har hatt effekt. Samtidig kan det fortelje oss kva andre tiltak vi må sette inn for å best mogleg utnytte ressursane som er att i restavfallet. Sjølv analysearbeidet vart utført av ÅRIM og resultatet er samansett i figur 2. Resultatet frå våre plukkanalyser vart samanlikna med plukkanalyser utført av ÅRIM sitt restavfall i figur 3.


Kakediagrammet i figur 2 fortel oss at innbyggjarane våre gjer mykje riktig når det kjem til kjeldesortering. Det er lite innhald av EE-avfall og farleg avfall, fraksjonar som utgjer ein stor brann- og sikkerheitsrisiko i restavfall, som til dømes batteri.

Likeins er det lite av fraksjonar som eignar seg til materialgjenvinning, som til dømes drikkekartong, papp/papir, glas- og metalllemballasje og emballasjeplast. Likevel, ser vi at vi framleis har eit potensiale ved få utsortert meir matavfall. 23,3 % matavfall i restavfallet er for høgt og vi må sjå på fleire tiltak i 2021 for minske denne delen i restavfallet.

Noko tekstil er det også i restavfallet. Dette er uønskt i forbrenningsprosessen, samtidig som at tekstilindustrien står for nokon av dei største utsleppa både til klima og miljø på verdsbasis. Vi har mykje å vinne på å få utsortert meir tekstil og få sendt dette til materialgjenvinning og ombruk. EU har også varsle krav om separat innsamling av tekstil innan 2025. Slik situasjonen er i dag, er det store utfordringar knytt til nedstrømsløysingar og omsetnad av resirkulert tekstil. Noko tekstil vil også heller ikkje la seg materialgjenvinne og er meir eigna til forbrenning og høyrer dermed heime i restavfallet.


Innært fraksjonen står for ikke-brennbar rest, eller med andre ord; deponivarer. Denne delen stod for 5,6% av restavfallet, men som analysen viste, skyldast dette ein dunk frå utvalet som var fylt av murstein. Vi kan dermed gå ut frå at diagrammet ikkje viser eit heilt representativt bilet av denne fraksjonen.

I figur 3 er resultat frå plukkanalyse utført av ÅRIM sitt restavfall i 2019 samanlikna med VØR sine plukkanalyser.



Figur 2. Samanstilling av plukkanalyse tatt av VØR sitt restavfall i 2020.

## Samanlikning av restavfall innhold: ÅRIM 2019 og VØR 2020.



Figur 3. Samanlikning av resultat frå plukkanalyser av restavfall, ÅRIM og VØR.

### Matavfall



	2019	2020
Matavfall		
Kg per innbyggjar	73,6	79

Sidan VØR innførte ny innsamlingsordning for matavfall i 2019, har mengdene auka jamt gjennom året 2020. Mykje av dette skyldast nok koronapandemien, men det er også grunn til å tru at fleire av

innbyggjarane har blitt vande med denne ordninga og sorterer meir av matavfallet sitt. Likevel ser vi ut frå mengder innsamla matavfall og plukkanalyse tatt av restavfallet, at vi må sette inn tiltak som omfattar avfallshierarkiet sitt viktigaste punkt: avfallsreduksjon, og i dette tilfellet; mindre matsvinn. Ei plukkanalyse av matavfallet vil kunne fortelje oss meir om kor mykje av maten som blir kasta, og vi kunne ha blitt ete eller brukt til andre formål. Dette ligg i strategiplanen for 2021. Vidare må vi fortsette med tilrettelagt informasjonsarbeid for å få meir av matavfallet i restavfallet over i matavfallsdunken.

#### Bleier ut av matavfallet

Det blir stadig strengare krav til feilsortering og kvalitet på råvarene i avfallet. Dette gjeld også matavfallet. Mjøsanlegget på Lillehammer, som er mottakar av vårt matavfall, har ytra at bleier i matavfall er uønskt og at ingen av eigarkommunane til anlegget leverer dette. Det er i tillegg fordyrande å sende eit restavfallsprodukt hit. I strategiplanen som gjeld 2020-2023 vart det vedteke å få bleiene ut av matavfallet innan 2021 og lage prøveprosjekt vedkomande erstatning av plastpose med papirpose for matavfall i 2021. Vi starta med informasjonsarbeid rett før jul i 2019 om at bleier no skal over i restavfallet. Dette halde vi fram med i 2020, og det kan tenkast at dette kan vere ein av bidragsytarane til auka mengd innsamla restavfall i same år, utan at vi har bevis for dette. Prøveprosjekt for papirposar blir planlagt og utført i 2021.

#### Plastemballasje og papir, papp og kartong



	2016	2017	2018	2019	2020
Plastemballasje					
Kg per innbyggjar	8,8	4,2	10,1	10,9	9,0
Papir,papp og kartong					
Kg per innbyggjar	46,4	52	48,9	44,7	34,7

I 2020 syner statistikken at VØR samla inn mindre mengder med plastemballasje og papir/papp og kartong. Det er inga grunn til å tru at nedgangen har vore så sterk, når andre innsamlingsordningar har auka i mengd. Noko av nedgangen i papir kan naturleg forklarast ved at fleire les avis/blad/magasin på internett. Men det kan også forklarast gjennom bruk av papir til absorbent for å hindre avrenning frå transport av restavfall til forbrenning. Det har vore innskjerpa krav til avrenning frå transport og papir som underlag har hindra slik avrenning. Dette har ført til litt svinn av papirmengder, men også plastemballasje som har leie skjult i papiret og som ikkje har blitt oppdagat ved opplasting av papir i transport konteiner. Vidare blir tørt og kverna grovt restavfall brukt som absorbent i samband med ny kontrakt med Geminor om levering av restavfall til forbrenning.

#### Eit tøft år for papirmarknaden

2020 har vore eit tøft år for returpapirmarknaden då fleire sortering- og papirgjenvinningsanlegg i heile Europa har opplevd redusert eller stansa produksjon, på grunn av korona pandemien. Vidare

har prisen på resirkulert papir og kartong gått nedover. Det er mindre «plussfraksjonar» i papiravfallet (t.d. avisapir, magasin og bølgepapp), medan vi ser meir av kartong og emballasjetypar som er mindre ettertrakta på marknaden for returfiber. Vi ser også tendensar til strengare krav til kvalitet på denne fraksjonen også. Feilsortering eller for mykje innhald av anna avfall, som t.d laus plast utanfor sekk, er vanskeleg for våre tilsette å sortere ut på anlegget, og fører ofte til kvalitetstrekk frå mottaksanlegg, som er kostnadar vi må ta att på renovasjonsebyret. Det er likevel viktig å presisere at vi framleis har kjøparar av samsfraksjonen vi levera og denne går i dag til ein papirfabrikk i Nederland for vidare materialgjenvinning.

### Emballasje av glas og metall



Emballasje av glas og metall	2016	2017	2018	2019	2020
Kg per innbyggjar	11,95	13,2	13,4	13,5	15,5


Året 2020 har gitt ein vesentleg auke i innsamla mengder av emballasje av glas og metall. I løpet av dette året samla vi inn over 15 kg emballasje per innbyggjar, noko som gir ei auke på to kilo frå året før. Noko av denne veksten kan nok også settast i samanheng med pandemien, med fleire heime og auka forbruk i mat- og drikkevarer, men også at siste rest av glasdunkar vart køyrt ut til abonnentar hausten 2019.

Ei utfordring med innsamlingsordninga for emballasje av glas og metall har vore at det hamnar mykje uønskt avfall i denne dunken og det er ein del feilsortering ute å gå. Dette gir meirkostnadar på miljøstasjonen når tilsette må bruke mykje tid på ettersortering før emballasjen blir lasta opp for transport til mottaksanlegget Sirkel AS i Fredrikstad. Klassiske feil som går igjen er metallgenstandar som ikkje er emballasje (bremseskiver, postkassar, kassaroller og steikepanner), elektrisk avfall (leidningar, lampar, batteri) samt noko restavfall.

#### Stikkprøver og kvalitetskontroll

I strategiplan for 2020 -2023 vart det vedteke stikkprøver av dunkar og slik få ein kvalitetskontroll av avfallet. Dette arbeidet starta vi med hausten 2020, der tilfeldige dunkar for emballasje av glas og metall vart valt ut på rute og innhald vart kontrollert ved hjelp av baklastar. Ved avvik får abonnementen tilsendt SMS med grunnen til at dunk blir satt att, og får tilbod om ny tömming etter avvik er retta opp. Dette arbeidet fortsetter vi med i 2021.

## **Farleg avfall**



VØR hadde i 2020 ei vekst i mengder farleg avfall levert til miljøstasjonen og samla inn på bygdene. Det har blitt ei etablert vane hjå mange av innbyggjarane at dei tek med seg raud boks for farleg avfall og småelektrisk avfall når dei tek turen innom miljøstasjonen.

Veksten i farleg avfall i 2020 viser at fleire er reflekterte over eigenskapane til farleg avfall og har fått med seg at dette er ein fraksjon som er viktig å sortere for seg sjølv. Dette viser også igjen i plukkanalysene i restavfallet (figur 2, på side 11), der det var lite innhald av farleg avfall i restavfallet.


Mykje av veksten i 2020 kan nok også settast i samanheng med at fleire har vore heime og hatt tid til å ta på seg oppussing- og byggeprosjekt. Dette kan vi sjå ut frå fordelinga av farleg avfall og byggematerial levert inn til VØR. I tabell 2 på side 16, er avfallstypane fordelt på mengder levert i åra 2018-2020. I 2020 ser ein at det har vore ein kraftig auke i levert CCA-impregnert trevirke, måling, lim og lakk, klorparafinhaldige vindauge og asbest.

### **Innsamlingsaksjon av asbest**

Då det har vore observert mykje asbest (eternitplater) på bygdene, har vi hatt fokus på å få inn denne fraksjonen i 2020. For å få samla inn asbesten har VØR, i samarbeid med Retura Søre Sunnmøre, prøvd ut ei ordning med ein innsamlingsaksjon på bygdene Hornindal, Bjørke og Kalvatn, der abonnementar fekk tilbod om å levere forsvarleg innpakka asbest og eternitplater til miljøstasjonen i Grodås. Tilboden vart tatt særskilt godt imot av innbyggjarane og VØR fekk fjerna 32 tonn med asbest frå bygdene i dette området. Dette er noko som blir vurdert vidareført i 2021.

### **Farleg avfall innsamlingsaksjon**

På grunn av smittesituasjonen med Covid-19 i eigarkommunane og med omsyn til smittevern, vart innsamlingsaksjonen for farleg avfall på bygdene om våren utsett til hausten. Aksjonen på hausten gav 10 660 kg innsamla mengder og inntrykket er at dette er eit tilbod som innbyggjarane på bygdene framleis sett stor pris på.



Tabell 2. Mengder farleg avfall fordelt på avfallstype og år.

## Eigarrapportering og framtidsutsikter

Jamført avfallshierarkiet er den viktigaste prioriteringa i avfallspolitikken ein nedgang i totale mengder med avfall som stammar frå hushald. VØR har følgt trenden med nedgang i totale avfalls mengder per innbyggjar sidan 2016. Året 2020 har vore eit avvikande år, der vi har satt rekord i

mengder grovavfall og bygningsavfall levert på miljøstasjonen vår. Dette i tillegg til ei generell auking i mengder innsamla avfall frå hushald, har gjort at avfallsmengdene per innbyggjarar i 2020 er unormalt høg og dette skyldast Covid-19 pandemien med fleire heime i hushaldet gjennom heile dagen og med meir tid til å utføre rydde- og oppussingsprosjekt.

Selskapet undersøker stadig om det er fleire avfallsfraksjonar som kan materialgjenvinnast. Dette er avhengig av marknaden og etterspørrelse etter råvarer, samt kva behandlingsalternativ som er tilgjengeleg. Selskapet har notert seg ein moglegheit til å flytte treverk frå energigjenvinning til materialgjenvinning, då det finst moglegheit for å levere reint treverk til sponplateproduksjon som tel som materialgjenvinning. Det var også gjort eit vedtak tidlegare av Representantskapet om å undersøke moglegheitene for å behandle hardplast. Der har vi fått eit tilbod gjennom Grønt Punkt Norge om å levere hardplast frå gjenvinningsstasjonar til eit godkjent plastsorteringsanlegg utanfor Vilnius i Litauen. Krava er strenge til kva vi får levere frå oss, då hardplasten må vere reint sortert. I tillegg har vi blitt gjort merksame på ei moglegheit til å heve materialgjenvinningsgrada gjennom å legge til rette for fleire innsamlingsordningar, deriblant av hageavfall heime hjå abonnent, gjennom ein Norwaste rapport frå 2020

Utvila sorteringsløysingar krev meir område under tak som vi ikkje har per dags dato. Dette vil vere mogleg når den nye omlastingsstasjonen på Melsgjerdet står klart i 2022 og mykje av dagens aktivitet kan flyttast dit.

For å nå framtidige materialgjenvinningsmål innan 2030 med nytt målepunkt for materialgjenvinning må vi rekne med at dei nemnte avfallstypane, i tillegg til fleire fraksjonar må utsorterast i løpet av åra som kjem. Så tidleg som 2023 kan materialgjenvinningsgrada bli målt etter mengder som kjem ut frå behandlingsanlegget og ikkje mengder som blir sendt til anlegget, som er praksisen i dag.

Uansett kva slags politiske mål som vert vedtekne, skal VØR gjere sitt til at vedtekne mål vert nådd, til det beste for noverande og framtidige generasjoner.

## Økonomi

VØR omsette i 2020 for kr 43.684.006,- og fekk eit samla overskot på kr 4.571.750,- Det positive resultatet kjem først og fremst frå auka inntekter frå fleire abonnement og omlegging av gebyrssystemet for fritidshus, som no er likt med det Hornindal har hatt nokre år. Kostnadane er samla sett haldne nede, noko styret er godt nøgde med, sett i høve vesentleg auke i arbeids og avfallsmengder som følgje av covid-19.

Sjølvkostfond hushaldningsrenovasjon synte per 31.12.2020 ein positiv balanse stort kr. 3.513.435,- opp frå ein negativ balanse på - kr. 590.153,- pr. 31.12.2019.

Sjølvkostfond slam synte ein positiv balanse stor kr. 2.273.538,- pr 31.12.20 opp frå kr. kr 1.279.540,- per 31.12.2019. Påløpte inntekter etter slaminnsamling i 2020 er stor kr. 1.795.586,-

Annan eigenkapital syner kr 14.354.094,- per 31.12.2020 ned frå kr. 14.879.929,- per 31.12.19. Endringa kjem i hovudsak som følgje av låg statleg fastsett kalkulasjonsrente i sjølvkostrekneskapen. Der skal statleg fastsett kalkulasjonsrente brukast, og ikkje faktisk betalt rente. Differansen mellom kalkulasjonsrente og faktisk betalt lånerente er negativ og er ført i uteigeresultatet, og årsaka til den negative utviklinga i annan eigenkapital.

For meir detaljere opplysningar om rekneskapen, vil vi vise til rekneskapen 2020 med notar.

## **Personale, arbeidsmiljø og ulykker.**

VØR har ved utgangen av året 19 fast tilsette fordelt på 17,6 årsverk. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst utfordringane i 2020 godt.

Internkontrollsystemet er no slått saman med kvalitetssystemet ISO 9001. Risikovurderingar vert brukt aktivt for å avdekke risiko for uhell og sjukefråvær. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

Vi samarbeidar med Stamina Helse om å ha eit godt arbeidsmiljø, og arbeidsmiljøsituasjonen i VØR er generelt bra syner deira årsrapport. Vi organiserer aktivitetane på anlegget slik at risikoene for ulykker på anlegget og utslepp til det ytre miljø vert minimert. I 2020 er det gjennomført arbeidsmiljø-undersøking med individuell helsekontroll. Vi leiger inn Sikkerheitsrådgivarteneste med Hans Ivar Langvatn AS.

Likestilling er gjennomført i styrande organ, og vert teke omsyn til ved alle tilsettingar. Av våre tilsette ved årsskiftet, er 7 kvinner.

VØR hadde 1,5 % eigenmeldt fråvær (< 3 dagar), 1,2 % legemeldt sjukefråvær mellom 3 og 16 dagar og 8,8 % langtids sjukefråvær over 16 kalenderdagar ( utover arbeidsgjevarperioden). Totalt eit sjukefråvær på 11,3 % i 2020, mot 15,5 % i 2019. Langtidsfråværet skuldast alvorleg sjukdom som ramma fleire av våre tilsette i 2019 og 2020.

Vi har hatt 4 dagar med sjukefråvær på grunn av arbeidsuhell i 2020. Det skuldast fall på is.

Vi har registrert eit tilfelle av ureining til det ytre miljø i 2020, som ein av dei tilsette i vårt datterselskap Retura Søre Sunnmøre AS hadde ansvar for. Ureininga vart tatt tak i og rydda opp i same dag ved hjelp av sugebil og entreprenør Volda maskin AS.

Vi har ikkje registrert klage på lukt frå anlegget vårt.

Det er gjennomført medarbeidar samtalar med alle tilsette i 2020. Vidare vart vi sertifisert etter ISO 9001 -standarden i oktober. Dette har løfta oss med betre rutinar på alle nivå.

## **Representasjon i 2020**

Covid-19 pandemien har gitt avgrensa reiseaktivitet og få representasjonsoppdrag i 2020. Nokre møter med færre enn ti deltagarar har det likevel blitt.

Anne Ellingsen og Petter Bjørdal deltok på eit møte i Ålesund der styreleiarane i dei regionale avfallsselskapa var samla og diskuterte felles utfordringar.

Ina Osdal Saure deltek i regional gruppe – felles ettersorteringsanlegg for restavfall på Sunnmøre. Gruppa starta i 2020 og legg etter planen fram sitt resultat i 2021.

Petter Bjørdal er deltar i styringsgruppa for felles ettersorteringsanlegg på Sunnmøre, som har hatt tre fysiske møter, og to Teams møter.

Petter Bjørdal har delteke i regionalt nettverk for leiarar i renovasjonsselskapa, med møte i Ulsteinvik, Molde og i Ålesund.

Petter Bjørdal deltok på samling i Sunnmøre regionråd vedkomande samarbeid mellom avfallsselskapa i regionen i mars, før Covid-19 stengde ned.

Hovdebygda 23.03.2021

Anne Ellingsen

Anne Ellingsen  
Styreleiar

Hallvard Bjørnæset

Nestleiar

Jon Helge Bjørndal

Jon Helge Bjørndal

Henriette Hafsaas

Henriette Hafsaas

Ove Myklebust

tilsette sin representant

Petter Bjørndal

Petter Bjørndal  
Dagleg leiar

# Årsrekneskap



**VØR**

Sortert avfall gir verdi!

2020

**VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**

**RESULTATREKNESKAP 2020**

	Note	2020	2019
--	------	------	------

**DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER**

<b>Driftsinntekter</b>			
Salsinntekt		43 635 464	34 475 857
Annan driftsinntekt		<u>48 542</u>	<u>114 722</u>
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b><u>43 684 006</u></b>	<b><u>34 590 579</u></b>

**Driftskostnader**

Frakt, toll og spedisjon		-137 777	257 803
Behaldningssendring sekkar		-194 665	
Underentreprise		<u>2</u>	<u>-12 507 813</u>
Lønnskostnad		<u>3</u>	<u>-3 051 721</u>
Avskriving		<u>-22 294 159</u>	<u>-18 822 134</u>
Annan driftskostnad		<u>-38 186 134</u>	<u>-34 352 627</u>
<b>Sum driftskostnader</b>			

<b>Driftsresultat</b>		<b><u>5 497 872</u></b>	<b><u>237 952</u></b>
-----------------------	--	-------------------------	-----------------------

**FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER**

Finansinntekt		698 655	890 424
Nedskriving av finansielle anleggsmiddel		-1 636 837	-1 137 057
Annan finanskostnad		<u>-938 182</u>	<u>-246 633</u>
<b>Sum netto finanspostar</b>			

<b>Resultat før skattekostnad</b>		4 559 690	-8 681
Skattekostnad på ordinært resultat	7	<u>12 060</u>	<u>-40 142</u>
<b>Ordinært resultat</b>		<b><u>4 571 750</u></b>	<b><u>-48 823</u></b>

<b>Årsresultat</b>		<b><u>4 571 750</u></b>	<b><u>-48 823</u></b>
--------------------	--	-------------------------	-----------------------

<b>Årsoppgjersdisposisjonar</b>			
Frå fond etterdriftstiltak			724 048
Til fond slam		-993 998	395 128
Til fond hushaldning		-4 103 588	-425 721
Overført frå annan EK		<u>525 836</u>	<u>-644 632</u>
<b>Sum disponert</b>		<b><u>-4 571 750</u></b>	<b><u>48 823</u></b>

**VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**

**BALANSE PR. 31.12.20**

	Note	2020	2019
<b>EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmidlar</b>			
<b>Varige driftsmidlar</b>			
Utsett skattefordel	7	108 723	
Immaterielle egedeler	3	64 418	98 027
Tomter, bygningar og annan fast egedom	3	30 027 403	16 239 688
Driftslausøyre, inventar, verktøy,	3	8 770 212	10 363 039
kontormaskiner og liknande			
<b>Sum varige driftsmidlar</b>		<u>38 970 756</u>	<u>26 700 754</u>
<b>Finansielle anleggsmidlar</b>			
Investeringar i aksjar og andelar		<u>1 356 600</u>	<u>1 314 688</u>
<b>Sum finansielle anleggsmidlar</b>		<u>1 356 600</u>	<u>1 314 688</u>
<b>Sum anleggsmidlar</b>		<u>40 327 356</u>	<u>28 015 442</u>
<b>Omlaupsmidlar</b>			
<b>Varer</b>			
Varelager		<u>238 140</u>	<u>331 886</u>
<b>Sum varer</b>		<u>238 140</u>	<u>331 886</u>
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar		<u>3 217 963</u>	<u>1 107 573</u>
Andre fordringar		<u>1 042 630</u>	<u>1 315 992</u>
<b>Sum fordringar</b>		<u>4 260 593</u>	<u>2 423 565</u>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>	4	<u>61 402 544</u>	<u>78 970 940</u>
<b>Sum omlaupsmidlar</b>		<u>65 901 277</u>	<u>81 726 391</u>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<u>106 228 633</u>	<u>109 741 833</u>

**VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**

2020

2019

**EIGENKAPITAL OG GJELD**

**EIGENKAPITAL**

<b>Opptent eigenkapital</b>			
Fond for slamhandsaming	2 273 538	1 279 540	
Fond for hushaldning	3 513 435	-590 153	
Annan eigenkapital	14 354 094	14 879 929	
<b>Sum opptent eigenkapital</b>	<u>20 141 067</u>	<u>15 569 316</u>	
<b>Sum eigenkapital</b>	<u>20 141 067</u>	<u>15 569 316</u>	

**GJELD**

<b>Avsetning for forpliktelsar</b>			
Utsett skatt	7	0	-96 663
<b>Sum avsetning for forpliktelsar</b>		<u>0</u>	<u>-96 663</u>
<b>Annan langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	5	82 051 051	89 188 711
<b>Sum annan langsiktig gjeld</b>		<u>82 051 051</u>	<u>89 188 711</u>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<u>82 051 051</u>	<u>89 188 711</u>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		1 886 336	2 621 513
Betalbar skatt	7	0	113 009
Skyldige offentlege avgifter		512 948	494 213
Annan kortsiktig gjeld		1 637 231	1 851 734
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<u>4 036 515</u>	<u>5 080 469</u>
<b>Sum gjeld</b>		<u>86 087 566</u>	<u>94 172 517</u>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<u>106 228 633</u>	<u>109 741 833</u>

Hovdebygda 23.03.21

*Anne Ellingsen*  
Anne Ellingsen  
Styreleiar

*Henrikke Hafsaas*  
Henrikke Hafsaas  
Styremedlem

*Hallvard Bjørneset*  
Hallvard Bjørneset  
Nestleiar i styret  
*Ove Myklebust*  
Ove Myklebust  
Tilsetterrepresentant

*John Helge Bjørndal*  
John Helge Bjørndal  
Styremedlem  
*Petter Bjørda*  
Petter Bjørda  
Dagleg leiar

## **NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2020**

### **Note 1 Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og verkeleg verdi for varer kjøpt inn for vidaresal, forsikra pensjonsforpliktelsar er ikkje balanseførte- kostnader er lik utbetalinga i året til forsikringsselskapet, leigeavtaler er ikkje balanseførte, varige driftsmidlar er som hovudregel avskrive lineært over venta økonomisk levetid.

### **Note 2 Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.**

	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Løner	9 419 984	8 614 438
Arbeidsgjevaravgift	1 426 256	1 470 011
Pensjonskostnader	1 181 678	1 468 609
Andre lønskostnader	<u>479 895</u>	<u>582 290</u>
Sum lønskostnader	<u>12 507 813</u>	<u>12 135 348</u>

Det har i gjennomsnitt vore 19 tilsette i selskapet i 2020

<b>Godtgjersler</b>	<b>Dagleg leiar</b>	<b>Styre/ Representantskap</b>
Løn	945 705	182 246
Anna godtgjersle	72 622	1 400
Premie til pensjonsordning	156 829	

### **Pensjon**

Selskapet har plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lova.

Betalt pensjonspremie i året: kr. 1.112.944

### **Revisor**

Kostnadsført revisjonshonorar i 2020 utgjer kr. 21.538

### **Note 3 Varige driftsmiddel**

Kostpris 01.01.20	77 849 670
Tilgang	15 241 439
Avgang	93 091 109
Kostpris 31.12.20	53 676 261
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.20	38 862 033
Balanseførte verdiar 31.12.20	3 051 721
Ordinære avskrivningar i året	

**Note 4                      Bundne midlar**

Posten inneholder bundne bankinnskot med kr. 512.948

**Note 5                      Pantsetjingar og garantiar**

Gjeld til kredittinstitusjonar kr. 82.051.051 er sikra med garantiar frå eigarane.

**Note 6                      Eigenkapitalinnskot KLP**

Selskapet har pensjonsavtale med KLP som er eit gjensidig selskap. År om anna må KLP styrke eigenkapitalen sin og dette skjer ved at medlemmene vert belasta for eigenkapitalinnskot. I 2020 er det betalt kr. 41.512 som er balanseført som eigenkapitalinnskot.

Sum innbetalt eigenkapitalinnskot er no kr. 574.814

**Note 7                      Skattekostnad på den skattepliktige delen av verksemda****Spesifikasjon av årets skattegrunnlag**

Ordinært resultat før skatt	-493 192
Permanente og andre forskjellar	-12 410
Grunnlag for årets skattekostnad	<hr/> -505 602
Endring i midlertidige forskjellar	<hr/> 11 406
<b>Inntekt</b>	<hr/> -494 196

**Spesifikasjon av årets skattekostnad**

Berekna skatt av årets resultat	0
Sum betalbar skatt	0
Endring i utsett skatt	96 663
Endring i utsett skattefordel	-108 723
Ordinær skattekostnad	<hr/> -12 060
Skattesats i inntektsåret	22

**Betalbar skatt i balansen består av**

Betalbar skatt	0
refusjon av skatt tiltakspakke 2020	0
<b>Betalbar skatt i balansen</b>	0

**Note 8 Sjølvkostrekneskap 2020 i samsvar med skjema 23- SSB**

	<b>HUSHALDNING</b>	<b>SLAM</b>
Kostnader	25 893 970	3 812 825
Kalkulatoriske rentekostnader	134 523	8 821
Avskrivningar	1 861 550	122 064
Gebyrgrunnlag	27 890 043	3 943 710
Inntekter	31 973 454	4 913 185
Det finansielle resultatet for året	4 083 411	969 475
Avsetning til sjølvkostfond	4 083 411	969 475
Bruk av sjølvkostfond		
Saldo sjølvkostfond 01.01.20	-590 153	1 279 540
Alternativkostnad ved bunden EK	20 177	24 523
eller framføring av underskot		
Saldo sjølvkostfond 31.12.20	3 513 435	2 273 538
Finansiell dekningsgrad i året, prosent	100 %	100 %
Sjølvkostgrad for året, prosent	100 %	100 %

**Note 9 Utleige 2020**

<b>Driftsinntekter</b>	
Salsinntekt	6 793 003
Annan driftsinntekt	<u>4 364</u>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<u>6 797 367</u>
 <b>Driftskostnader</b>	
Underentreprise	-33 094
Lønnskostnad	-1 312 888
Avskriving	-1 068 107
Annan driftskostnad	<u>-4 063 669</u>
<b>Sum driftskostnader</b>	<u>-6 477 758</u>
 <b>Driftsresultat</b>	<u>319 609</u>
 <b>Finansinntekter og finanskostnader</b>	
Finansinntekt	679 664
Annan finanskostnad	<u>-1 492 465</u>
<b>Sum netto finanspostar</b>	<u>-812 801</u>
 <b>Resultat før skattekostnad</b>	-493 192
Skattekostnad på ordinært resultat	<u>12 060</u>
 <b>Arsresultat</b>	<u>-481 132</u>

# **ERKLÆRING I SAMBAND MED REKNESKAPS AVELEGGING FOR 2020**

Vi stadfestar etter beste skjønn og overtyding:

## *Rekneskap og budsjett*

- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året låg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlige forpliktingar for selskapet utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Vi kjenner ikkje til at selskapet har brote avtaler eller offentlige påbod på ein måte som kan påføre selskapet vesentlige økonomiske forpliktingar.
- Vi kjenner ikkje til at det har skjedd hendingar etter utløpet av rekneskapsåret av vesentlig betydning for årsrekneskapen.
- Vi har ikkje opplysningar om misleghald eller andre uregelmessige forhold av betydning for årsrekneskapen.
- Vi er kjent med vårt ansvar for å sette i verk formålstenleg rekneskapsrutine og kontrolltiltak for å forhindre og avdekke misleghald og feil.
- Selskapet og årsrekneskapen inneheld ikkje forhold eller transaksjonar med nærmiljøpartar utover datterselskap og kommunane (gjeld både selskap og personar).
- Etter det vi kjenner til inneheld årsrekneskapen alle opplysningar om kjente inntekter og utgifter samt økonomiske forpliktingar av betydning – både påløpte og betinga.
- Alle budsjett- og budsjettendringar gjennom året er registrert.
- Vi meiner at rekneskapsmessig fordeling mellom hhv. næring og monopol er i samsvar med regelverket for sjølvkost.

## *Opplysningar som er gitt*

- Vi har gitt revisor:
  - Tilgang til alle opplysningar som vi har kjennskap til, som er relevante for utarbeidning av rekneskapen
  - Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsformål
- Alle transaksjonar er registrert og går fram av rekneskapen.

Eventuelle kommentarar til punkta over:

---

---

Hovdebygda dato 22 mars 2021

Pålles Bjørk  
Dagleg leiar

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Org.nr. 974 789 280 mva

Til  
Representantskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS  
6160 HOVDEBYGDA

## REVISJONSmelding 2020

### Uttalelse om årsrekneskapen

#### *Konklusjon*

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS som viser eit overskot på kr. 4.571.750,-. Årsrekneskapen består av årsmelding, resultatrekneskap og balanse pr 31.12.2020 med notar som beskriver nytta rekneskapssprinsipp og andre relevante opplysningar.

Etter vår mening er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillingen til Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS pr 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoan som er i samsvar med rekneskapslova sine reglar, tilleggsbestemmelser i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapsskikk.

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter ihht disse standardane er beskrevne i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjons av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det vert krevd i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelsar i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### *Øvrig informasjon*

Leiinga er ansvarleg for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av årsmelding, men inkluderar ikkje årsrekneskapen og revisjonsberetninga. Vår uttalelse om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje øvrig informasjon, og vi atesterar ikkje den øvrige informasjonen.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese øvrig informasjon med det som formål å vurdere korvidt det foreligg vesentleg inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeida oss under revisjonen, eller korvidt den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere.

Revisjon

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

## *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar, tilleggsbestmmelsar i lov om interkommunale selskaper, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for interkommunale selskap og god rekneskapsskikk. Styret har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misligheter eller feil.

Ved utarbeidninga av årsrekneskapen må leiinga ta stilling til selskapet si evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetninga om fortsatt drift skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at virksomheita vil verte avvikla.

## *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som heilheit ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misligheter eller utilsikta feil, og å avgj ei revisjonsberetning som inneheld vår konklusjon. Betryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterar. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misligheter eller utilsikta feil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimelighet kan forventast å påvirke økonomiske beslutningar som brukarane foretek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserar og anslår vi risikoene for vesentleg feilinformasjon i kompensasjonsoppgåver, enten det skuldast misligheter eller utilsikta feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoene for at vesentleg feilinformasjon som følge av misligheter ikkje vert avdekkja, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, beviste utelatelsar, uriktige framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeidar vi oss ein forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstendigheitene, men ikkje for å gi uttrykk for ei mening om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerar vi om dei anvendte rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimat og tilhøyrande noteopplysningar utarbeida av leiinga er rimelege
- konkluderar vi på hensiktsmessigheitene av leiinga sin bruk av fortsatt drift-forutsetninga ved avleggelsen av årsrekneskapen, basert på innhenta revisjonsbevis, og korvidt det foreligg vesentleg usikkerheit knytta til hendelsar eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderar med at det eksisterar vesentleg usikkerheit, vert det krevd at vi i revisjonsberetningen vier oppmerksamhet på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserar vår konklusjon om årsrekneskapen og årsberetninga. Etterfølgande hendelsar eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikkje forsetter drifta.
- Evaluerar vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, inkludert tilleggsopplysningane, og korvidt årsrekneskaen gir uttrykk for dei underliggende transaksjonane og hendelsane på ein måte som gir eit rettvisande bilde.

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Vi kommuniserar med leiinga blant anna om det planlagte omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekkja i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

## Uttalelser om øvrige lovmessige krav

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskrevet ovanfor, meiner vi at årsmeldinga inneholder dei opplysningane som lov og forskrift krev og at opplysningane om økonomi i årsberetninga stemmer overens med årsrekneskapen.

Larsnes 22/3-21

  
Halldis Moltu

-reg. revisor-

Revisjon

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS  
v/dagl.leiar

## FULLSTENDIGHEITSERKLÆRING -REKNESKAP FOR 2020

Revisjon etter god kommunal revisjonsskikk skal følge internasjonale revisjonsstandardar (ISA- ar), fastsett av International Auditing and Assurance Standards Board.

Det følgjer av *ISA 580 – Skriftlige uttalelser*, at revisor må innhente føremålstenleg uttalelsar frå leiinga. Det må innhentast skriftlege uttalelsar om forhold som er vesentlege for årsrekneskapen når desse ikkje kan tilfredsstille stadfestast på annan måte.

Vidare følgjer det av *ISA 240 – Revisors oppgåver med og plikter til å vurdere misligheter og feil ved revisjon av rekneskapen*, at revisor må innhente skriftlege uttalelsar frå leiinga om sentrale spørsmål og vurderingar i forhold til desse problemstillingane.

Etter *ISA 560 – Hendelser etter balansedagen*, har revisor også plikt til å vurdere hendingar etter utløpet av rekneskapssåret.

Dette er bakgrunnen for at vi har funnet det rett å be om ei særskilt erklæring frå selskapen si ansvarlege administrative leiing om at årsrekneskapen, etter kva leiinga kjenner til, inneheld dei opplysningars som vert kravd etter lov og god kommunal rekneskapsskikk. Vedlagt følgjer ei slik erklæring, ofte kalla fullstendigheitserklæring.

Denne, saman med eventuelle feil i regnskapet som revisor har kommentert og som ikkje er blitt retta, vil danne grunnlag for revisjonsmeldinga. Det er derfor naturleg at erklæringa dekker tidsrommet fram til dagens dato.

Vi håper også at selskapet si leiing vil finne erklæringa nyttig.

Vi håper derfor at fullstendigheitserklæring i utfyld og underskrevet stand blir sendt oss snarleg.

Larsnes 22.03.2021

Halldis Moltu  
reg.revisor

Vedlegg: Erklæring i samband med rekneskapsavlegging for 2019